



Marit Hjørnevåg mottok sølvmedaljen av fiskeriminister Elisabeth Aspaker

Under premieutdelinga etter NM i sjømatprodukt i dag, vart Br. Hjørnevåg AS premiert med sølvmedalje for fiskekakene dei produserer. Den velfortente heideren vart delt ut under Matstreif i Oslo, og dagleg

leiar Marit Hjørnevåg fekk utmerkinga overrekt av fiskeriminister Elisabeth Aspaker. Det er 10. gangen Hjørnevåg får NM-medalje for fiskeprodukta sine.

Konkurransen var som alltid knallhard, og dermed var det ein stolt dagleg leiar som kunne ta mot utmerking på vegne av dei tilsette også i år. Alle dei største fiskematprodusentane deltok i NM-konkurransen. Fiskeriminister Aspaker overrekte premiar til i alt 12 bedrifter.

Det vart konkurrert i beste fiskekake, beste fiskeburger, beste fiskepudding, beste fiskebollar, beste ferdigrett og beste nyhet.

Vi gratulerer!

Tekst og nett: Thor inge Døssland

Foto: Privat